



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

TBKO 1

T o t a l b e r e d s k a p s k u r s 1



FORSTÅ DI TID

Forstå di tid og rust deg for ei usikker framtid

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, saman med HV-11 og Møre og Romsdal politidistrikt, inviterer toppleiarar i fylket til eit unikt kurs i totalberedskap.

Vi skal bygge totalberedskapen

Totalberedskapskommisjonens rapport heiter; "Nå er det alvor" Det utfordrer oss til å vere årvåkne, auke kriseforståinga og heve kompetansen hos toppleiarar i Møre og Romsdal. Med eit historisk tilbakeblikk legger vi grunnlaget for å forstå notida og møte framtidens utfordringar.

Deltakarane vil få nyttig kunnskap om sikkerheit og beredskap på nasjonalt, regional og lokalt nivå. Vi legg opp til å styrkje samarbeidet mellom dei ulike deltakarane og dei ulike aktørane i vårt fylke. Kurset vil derfor ha deltakarar frå ulike sektorar.

Totalberedskapskurset vil gje kunnskap om vår tids utfordringar, eit solid historisk bakteppe, innblikk i korleis totalforsvaret fungerer, og korleis du som leiar kan bidra inn i totalforsvaret. Vi vil sette Møre og Romsdal inn i den tryggingpolitiske situasjonen. Vi avsluttar kurset med ei øving.

Kurset skal styrke samarbeid i fylket på tvers av sektorar, og auke vår kriseforståing og motstandskraft. Alle innleiarar er utfordra på årelatere sine tema til Møre og Romsdal. Det er forventa at kursdeltakarane deltek på heile kurset.

Læringsmål

- Konkrete råd til kvardagen som leiar
- Auka kriseforståing og innsikt i krisespekteret
- Historisk oversikt og kjennskap til korleis historia påverkar vår tid.
- God kjennskap til Møre og Romsdal og totalberedskapsarbeidet
- Samfunnsendringar og trendar
- Kjennskap til forsvarskommisjonen og totalberedskapskommisjonen sitt arbeid.
- Innsikt i den politiske prioriteringa knytt til langtidsplanen for Forsvaret

Tid/stad:

- 27. - 31. mai
- Setnesmoen i Rauma kommune



Pris

Kurspris: 1700 kr. Dette inkluderer kost og losji heile veka og avslutningsmiddag på Eggen m/gondol. Kvar deltakar dekker sjølv reiseutgifter. Det er også viktig at det er arbeidsgjevar som betalar lønn for desse dagane.

Kursansvarleg

Kursansvarleg: Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, i samarbeid med HV-11 og Møre og Romsdal politidistrikt.

NB: På kurset vert deltakarar autorisert for B (begrensa).

Vi har 30 plassar.

Søknadsfrist er 1. mars.

Påmelding

Meld deg på ved å scanne QR-koden eller gå til websida www.statsforvalteren.no/tbk1





Statsforvaltaren
i Møre og Romsdal



POLITIET



FORSVARET
For alt vi har. Og alt vi er.



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal | sfmrpost@statsforvalteren.no | 71 25 84 00

Foto: Forsvaret/NVE